



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 01.04.2009  
**Tid:** 12:00 – 13:40

**Faste medlemmer som møtte:**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenterer</b>
Gisle Norvald Levåg	Fungerande ordførar	H
Wenche Tislevoll	Medlem	H
Agnar Aarskog	Medlem	AP
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP

**Forfall:**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenterer</b>
Harald Rydland	Ordførar	KRF

**Varamedlemmer som møtte:**

<b>Namn</b>	<b>Møtte for</b>	<b>Reprenterer</b>
Torstein Grimen	Harald Rydland	V

**Frå administrasjonen møtte:**

<b>Namn</b>	<b>Stilling</b>
Atle Tornes	Rådmann
Kristin Meland	Møtereferent
Trond Salmo i sak PS 26/09	Økonomimedarbeidar

Gisle Levåg  
Fungerande ordførar

Lars Ove Rimmereid

Torstein Grimen

Kristin Meland  
Møtereferent

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 26/09	Budsjett 2009 - ymse korreksjonar og presiseringar	
PS 27/09	Søknad frå Fitjar skyttarlag om støtte til skyttarhus	
PS 28/09	Rammer for arbeidet med eigedomsskatt	
PS 29/09	Fitjar Kultur- og idrettsbygg (FKIB): Økonomisk situasjon.	
PS 30/09	Ymse	

Innkalling godkjent utan merknader.

**Til saklista:**

Gisle Levåg kom med framlegg om å handsame sak PS 29/09 før sak PS 26/09. Formannskapet hadde ikkje merknader til dette.

Saklista godkjent.

**PS 26/09 Budsjett 2009 - ymse korreksjonar og presiseringar**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek skrivet frå fylkesmannen dagsett 19 februar til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner nye budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B.
3. Kommunestyret godkjenner dokumentet: "Investeringar – låneopptak 2008".

**Behandling i Formannskapet - 01.04.2009:**

**Utdelt i møtet:**

Brev frå Fylkesmannen i Hordaland dat. 25.03.09 – godkjenning av låneopptak og leigeavtale.

Investeringar – låneopptak 2008

Rådmannen orienterte i møtet.

**Tilråding til kommunestyret (Samrøystes)**

1. Kommunestyret tek skrivet frå fylkesmannen dagsett 19 februar til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner nye budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B.
3. Kommunestyret godkjenner dokumentet: "Investeringar – låneopptak 2008".

**PS 27/09 Søknad frå Fitjar skyttarlag om støtte til skyttarhus**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunen løyver kr 200.000 i tilskot til skyttarhus, finansiert med frie inntekter frå tiltakspakken. Rådmannen får fullmakt til å ivareta utbetaling etter nærare avtale med Skyttarlaget.

## **Behandling i Formannskapet - 01.04.2009:**

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes):**

Kommunen løyver kr 200.000 i tilskot til skyttarhus, finansiert med frie inntekter frå tiltakspakken. Rådmannen får fullmakt til å ivareta utbetaling etter nærare avtale med Skyttarlaget.

## **PS 28/09 Rammer for arbeidet med eigedomsskatt**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek dokumentet "Rammer for arbeidet med eigedomsskatt" som grunnlag for det vidare arbeidet med eigedomsskatt i kommunen.  
Fitjar kommunestyre vedtek "Vedtekter for forvaltning av eigedomsskatt i Fitjar kommune" dagsett 1 april 2009.  
Bustadhus, som ved kvar 1 januar i skatteåret er mindre eller inntil 5 år gamle, får fritak for halve eigedomsskatten.  
Skattesatsen for 2009 for næringseigedommar medrekna verk og bruk vert sett til 6 promille av takstgrunnlaget.  
Formannskapet, i samråd med takstnemnda, får fullmakt til å gjera mindre endringar i dokumentet.  
Formannskapet, i samråd med takstnemnda, får fullmakt til å fastsetja faktorar og sjablontakstar for verdsetjinga.  
Eigedomsskatten skal ha forfall to gonger i året, i mai og september/oktober. For 2009 skal den generelle eigedomsskatten ha forfall 1 september og 15 november.

## **Behandling i Formannskapet - 01.04.2009:**

**Representanten Torstein Grimen (V)** kom med slikt framlegg på vegne av V og H.

Fitjar kommunestyre vedtek dokumentet "Rammer for arbeidet med eigedomsskatt" som grunnlag for det vidare arbeidet med eigedomsskatt i kommunen med følgjande atterhald: Kvadratmeterprisen som vert lagt til grunn for takseringa skal ikkje overstiga kr. 4.500,- på næringsbygg. Den skal ikkje overstiga kr. 6.000,- på bustad/hytter. Ingen "faktorer" i sjablongane skal overstiga 1,0. Dei "faktorane" som ligg i rammene kan ikkje aukast.

Fitjar kommunestyre vedtek "Vedtekter for forvaltning av eigedomsskatt i Fitjar kommune" dagsett 1 april 2009.  
Bustadhus, som ved kvar 1 januar i skatteåret er mindre eller inntil 5 år gamle, får fritak for halve eigedomsskatten.  
Skattesatsen for 2009 for næringseigedommar medrekna verk og bruk vert sett til 6 promille av takstgrunnlaget.  
Formannskapet, i samråd med takstnemnda, får fullmakt til å gjera mindre endringar i dokumentet.  
Formannskapet, i samråd med takstnemnda, får fullmakt til å fastsetja faktorar og sjablontakstar for verdsetjinga.  
Eigedomsskatten skal ha forfall to gonger i året, i mai og september/oktober. For 2009 skal den generelle eigedomsskatten ha forfall 1 september og 15 november.

### **Verbal føring:**

Høgre og Venstre kjem til å arbeide aktivt med å fjerne denne urettferdig skatten i den vidare prosessen.

**Representanten Agnar Aarskog (Ap)** kom med slikt framlegg til tilleggspunkt til administrasjonen sitt framlegg.

Fitjar kommunestyre ber om at administrasjonen/takstnemnd og formannskap jobbar utfrå at maks sum å betale for eit gjennomsnittlig bustadhus skal vera kr. 3.500,-.

I tillegg må ein sjå nærmare på konsekvensane for at næringslivet (utanom verk og bruk) får ein auka sats i høve til det som var forutseningen i vedtaket frå budsjettmøte.

Rådmann Atle Tornes orienterte i møtet. Formannskapet drøfta saka.

### **Røysting**

Ved røysting over administrasjonen sitt framlegg fekk dette 0 røyster og fall.

Framlegg frå Agnar Aarskog fekk 2 røyster

Framlegg frå H og V fekk 3 røyster og det ligg føre slik;

### **Tilråding til kommunestyret (mot 2 røyster):**

Fitjar kommunestyre vedtek dokumentet "Rammer for arbeidet med eigedomsskatt" som grunnlag for det vidare arbeidet med eigedomsskatt i kommunen med følgjande atterhald: Kvadratmeterprisen som vert lagt til grunn for takseringa skal ikkje overstiga kr. 4.500,- på næringsbygg. Den skal ikkje overstiga kr. 6.000,- på bustad/hytter. Ingen "faktorer" i sjablongane skal overstiga 1,0. Dei "faktorane" som ligg i rammene kan ikkje aukast.

Fitjar kommunestyre vedtek "Vedtekter for forvaltning av eigedomsskatt i Fitjar kommune" dagsett 1 april 2009.

Bustadhus, som ved kvar 1 januar i skatteåret er mindre eller inntil 5 år gamle, får fritak for halve eigedomsskatten.

Skattesatsen for 2009 for næringsseigedommar medrekna verk og bruk vert sett til 6 promille av takstgrunnlaget.

Formannskapet, i samråd med takstnemnda, får fullmakt til å gjera mindre endringar i dokumentet.

Formannskapet, i samråd med takstnemnda, får fullmakt til å fastsetja faktorar og sjablontakstar for verdsetjinga.

Eigedomsskatten skal ha forfall to gonger i året, i mai og september/oktober. For 2009 skal den generelle eigedomsskatten ha forfall 1 september og 15 november.

## **PS 29/09 Fitjar Kultur- og idrettsbygg (FKIB): Økonomisk situasjon.**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunen går inn med inntil kr 250.000 i ny aksjekapital i FKIB, føresett at Fitjar kraftlag går inn med samme beløp.

Kommunen sin del av emisjonen skal finansierast ved bruk av kapitalfond (sal av eigedom).

### **Behandling i Formannskapet - 01.04.2009:**

**Representanten Agnar Aarskog (Ap)** gjekk frå som ugild, han er styreleiar i Fitjar Kultur- og Idrettsbygg.

Gunn Marit Søreide (Ap) møtte for Agnar Aarskog.

Rådmann Atle Tornes orienterte om økonomien på FKIB i møtet.

### **Representanten Lars Ove Rimmereid (Sp) kom med framlegg om at første avsnitt skal lyde slik:**

Kommunen går inn med inntil kr 250.000 i ny aksjekapital i FKIB.

Kommunen sin del av emisjonen skal finansierast ved bruk av kapitalfond (sal av eigedom).

**Røysting:**

Ved røysting vart framlegg frå Lars Ove Rimmereid samrøystes vedteke og det ligg føre slik:

**Tilråding til kommunestyret. (Samrøystes)**

Kommunen går inn med inntil kr 250.000 i ny aksjekapital i FKIB.  
Kommunen sin del av emisjonen skal finansierast ved bruk av kapitalfond (sal av eigedom).

**PS 30/09 Ymse****Framlegg til vedtak:****Behandling i Formannskapet - 01.04.2009:**

**Representanten Agnar Aarskog (Ap)** hadde spørsmål vedkomande seniorsenter.

Rådmannen orienterte om arbeidet med lokale for seniorsenter.  
Det har vært vurdert fleire alternativ, m.a. tannlegelokala på Fitjar Bu- og Behandlingssenter, utan at noko er endeleg.  
Ordførar følgjer saka vidare.

**Fungerande ordførar Gisle Levåg (H)** orienterte om møte med fylket vedkomande Handlingsplan 2010 – 2013 – nytt fylkesvegnett.

**Rådmann Atle Tornes** orienterte om komande drøftingar med Statens Vegvesen i mai.  
Frist for å melde saker er 14. april.

**Vedtak:**